



STUDENT

PARLAMENTET

VED HØGSKULEN I VOLDA

Protokoll

Studentparlamentsmøte 25.01.2023

Tid Onsdag 25.01.23 kl 16.00-19.00.
Stad Konferanserommet, Rokken 2. etg.

Til stades med stemmerett: 10

AHL Sindre Rabben Tronstad
Veronica Bjørdal Sæternes

AKF Sissel Elin Ruset
Preben Rosenvinge

AMF Simen Toverud

ASH Marte Lohne
Linnea Sundquist (V)

FRI Joachim Selsbakk Hansen
Liza Wilhelmina Nieuwenhuis
Leni Ailin Krogsæter Skjegstad (V) fom. sak 41

Meldt forfall: Simen Vederhus (AMF), Maher Othman (FRI), Jenny Nystad (ASH)

Til stades utan stemmerett

AU Trond-Fredrik Hoddevik (leiar), Andrine Kompen (velferd), Nikolai Skaug Kolstad (fag), Severine Riise Eidem (info), Ammy Bolme (int.),

Ordstyrar Rikke Jenny Pettersen

Organisasjonskonsulent Marit Aklestad (referent)

Andre møtande Martin Foldal (sak 41), Ronda Kristine Bekkevoll (sak 39), Lars Ose-Johansen (sak 39)

Saksliste

Sak 36 – 22/23: Opprop og val av møteleiing	2
Sak 37 – 22/23: 1. Godkjenning av innkallinga.....	2
Sak 37 – 22/23: 2. Godkjenning av saksliste	2
Sak 37 – 22/23: 3. Godkjenning av referat frå møte 30.11.22.....	3
Sak 38 – 22/23: Orienteringar	4
Sak 39 – 22/23: Val av ny infoansvarleg.....	4
Sak 40 – 22/23: Suppleringsval til Studentparlamentet.....	5
Sak 41 – 22/23: Gest: Norsk innovasjonssenter	5
Sak 42 – 22/23: Val av delegatar til SAIHs vintersamling	6
Sak 43 – 22/23: Høyringsvar NHOs demokratiske organ.....	6
Sak 44 – 22/23: Årsmelding 2022.....	6
Sak 45 – 22/23: Rekneskap 2022.....	7
Sak 46 – 22/23: Budsjett 2023	7

Sak 36 – 22/23: Opprop og val av møteleiing

Namneopprop. 10 røysteføre, Studentparlamentet er vedtaksdyktige.

Val av møteleiing

Vedtak (samrøystes):

- Rikke Jenny Pettersen er dagens ordstyrar
- Organisasjonskonsulent Marit Aklestad er dagens referent
- Ammy Bolme og Andrine Kompen er dagens teljekorps

Sak 37 – 22/23: 1. Godkjenning av innkallinga

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

Sak 37 – 22/23: 2. Godkjenning av saksliste

AU føreslo å ta sak 44, 45 og 46 før sak 42 og 43. sitt forslag til vedtak. Ingen ekstrasaker.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet vedtek sakslista for møtet. Merknad: sak 44,45,46 blir handsama før sak 42,43.

		Dagsorden for studentparlamentsmøte 25.01.23		Saksansvarleg
16.00	00	Felles middag		
16.30	36	Opprop og val av møteleiing	V	Ordstyrar
	37	Godkjenningar: Innkalling, saksliste og referat	V	Ordstyrar
16.40	38	Orienteringar	O	Leiar
16.50	39	Val av ny informasjonsansvarleg	V	Infoansvarleg
17.00	40	Suppleringsval til Studentparlamentet	V	Velferd
17.10	41	Gjest: Norsk Innovasjonssenter	O	Leiar
17.40		Pause		
17.55	42	Val av delegatar til SAIH Vintersamling	V	Internasjonalt
18.05	43	Høyringsvar om NSOs demokratiske organ	V	Leiar
18.15	44	Årsmelding 2022	V	Leiar
18.25	45	Rekneskap 2022	V	Org.rådgjevar
18.35	46	Budsjett 2023	V	Org.rådgjevar
18.45		Møtekritikk, møteslutt	V	

Sak 37 – 22/23: 3. Godkjenning av referat frå møte 30.11.22

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 30.11.22.

Sak 38 – 22/23: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak

Saksframleggjar: Leiar

AU orienterte om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Arild Hermstad, leiar i MDG, vitjar Høgskulen tysdag 31.01. og vil då treffe Studentparlamentet (3-5 studentar). Meld til AU om du vil vere med
- Delegatar til Landsmøte i NSO 14.-16. april + formøte 13. april
- Lesarinnlegg i Khrono om rektorvalet frå leiar Trond Fredrik Hoddevik
- Låg rekruttering til Rokken og Faddervekestyret. Jobbar med saka
- Møte med biblioteket om bokgaranti og døgnope bibliotek
- Fadderveke/buddyweek for internasjonale studentar
- Pris for internasjonalisering og Internasjonal dag
- Allmøte for tillitsvalde gjennomført 17.01. Betre oppmøte enn tidlegare

-

Sak 39 – 22/23: Val av ny infoansvarleg

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggjar: Informasjonsansvarleg

Severine Riise Eidem orienterte om at ho reiser på utveksling og at vervet som infoansvarleg dermed blir ledig frå 1. februar.

Desse stilte til val: Veronica Bjørdal Sæternes, Ronda Kristine Bekkevoll og Lars Ose-Johansen. Kandidatane presenterte seg og fortalde om kvifor dei ønskjer å stille til vervet.

Votering: urneval

Vedtak: Ronda Kristine Bekkevoll er valt til ny infoansvarleg i AU i Studentparlamentet med start frå 01.02.23.

Sak 40 – 22/23: Suppleringsval til Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Velferdsansvarleg

AU innstilte på suppleringsval som følgjande:

- 1. vara FRI: Leni Ailin Krogsæter Skjegstad
- 2. vara FRI: Tonje Sjøholm
- 3. Vara FRI: Ida Therese Tufteland

Votering: samrøystes vedtatt

Vedtak:

Desse blir nye varaer for dei frie representantane:

1. vara Leni Ailin Krogsæter Skjegstad
2. vara Tonje Sjøholm
3. vara Ida Therese Tufteland

Tilleggspunkt: Leni Ailin Krogsæter Skjegstad går inn som møtande vara med stemmerett resten av møtet.

AU arbeider vidare for å få supplert inn studentar frå mediefag til neste møte.

Sak 41 – 22/23: Gest: Norsk innovasjonssenter

Type sak: Orienteringssak
Saksframleggjar: Leiar

Martin Foldal, dagleg leiar for Sunnmøre kulturnæringshage, presenterte planane for Norsk Innovasjonssenter og det nye Aasen-kvartalet på høgskuleområdet.

Norsk Innovasjonssenter AS blir leigetakar i det «nye Asen-bygget» som er byggjetrinn 1 av det planlagte nye Aasen-kvartalet. Riving av det gamle Aasen-bygget vil starte 1. november 2023 og er planlagt ferdigstilt til januar 2026. Det er planlagt parkeringskjellar i bygget.

Martin Foldal fortale blant anna om korleis Norsk Innovasjonssenter planlegg å kople næringslivet tettare på Høgskulen gjennom t.d. praksisplassar, betalte oppdrag for studentar osb. Bygget vil også innehalde open kafe for alle, konsertsal/kinosal, framtidssløyd/makerspace, grupperom og 2 auditorium. I toppetasjen blir det hotell drift, noko HVO har stort behov for til sine gjestar og tilreisande.

Sak 42 – 22/23: Val av delegatar til SAIHs vintersamling

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Internasjonalt ansvarleg

Internasjonalt ansvarleg orienterte om SAIH – Studentenes og akademikernes internasjonale hjelpefond, si vintersamling på Kongsberg.

Desse stilte seg til disposisjon: Simen Toverud og Preben Rosenvinge.

Vedtak: (samrøystes)

Simen Toverud og Preben Rosenvinge reiser på SAIH vintersamling
Trond Fredrik Hoddevik er vara.

Pause

Sak 43 – 22/23: Høyringsvar NHOs demokratiske organ

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Leiar

Studentparlamentet delte seg i grupper og diskuterte saka.

Vedtak (samrøystes):

Studentparlamentet er nøgd med AU sitt framlegg til høyringsvar og delegerer til AU å ferdigstille og sende inn høyringsvaret.

Sak 44 – 22/23: Årsmelding 2022

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Leiar

Leiar Trond-Fredrik Hoddevik la fram ei fyldig og god årsmelding om aktiviteten i Studentparlamentet 2022 og summerte opp nokre av dei viktigaste sakene vi har jobba med, som rektorval, vedtak om å flytte kontor, og markering mot innføring av skulepengar for internasjonale studentar.

Vedtak:

Studentparlamentet tek årsmeldinga for 2022 til vitende.

Sak 45 – 22/23: Rekneskap 2022

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Organisasjonsrådgjevar

Organisasjonsrådgjevar la fram rekneskapen for 2022. Studentparlamentet har brukt noko enn budsjettet på informasjon og profilering grunna endring ved HVO der vi ikkje lenger har tilgang på gratis trykksaker etter at hustrykkeriet vart lagt ned. Elles har alle midlane som var sett av til studentorganisasjonar vorte delt ut, og så godt som alt av driftsmidlar er oppbrukt.

Studentparlamentet merkar auka prisar på mat og overnatting. Summen Studentparlamentet får tildelt har stått stille i fleire år. AU vil ta initiativ til å forhandle med HVO og SiVolda om å få auka sine driftsmidlar i takt med prisstiging.

Forslag til vedtak:

Vedtak: Studentparlamentet tek rekneskapen for 2022 til vitende.

Sak 46 – 22/23: Budsjett 2023

Type sak: Vedtakssak
Saksframleggjar: Organisasjonsrådgjevar

Vedtak: Studentparlamentet vedtar følgjande budsjett for 2023:

Budsjett 2023	
Innstilling frå AU	
Forventa inntekter	2022
Støtte frå HVO	kr 125 000
Støtte frå SiVolda	kr 100 000
Inntekter frå standleige	kr -
Totalt	kr 225 000
Forventa utgifter fordelt på budsjettpostar	
Drift av Studentparlamentet	
Kurs og seminar	kr 25 000
Møter	kr 30 000
Info og profilering	kr 30 000
Sosialt	kr 25 000
Drift/kontor/anna uforutsett	kr 10 000
Sum	kr 120 000
Støtte til studentaktivitetar - velferdsmidlar	
Fadderveka	kr 10 000
Pris for internasjonalisering	kr 5 000
Studentorganisasjonar	kr 90 000
Studentorg., ekstramidlar SiVolda/KD	
Sum	kr 105 000
Totalt	kr 225 000

Ingen eventuetsaker.
Møtekritikk etter formell møteslutt.
Møteslutt kl 19.00